

Årsmøtoreferat Lindås indremisjon/bedehus for 2018

Årsmøte for Lindås Indremisjon og Lindås bedehus vart halde på bedehuset den 12. februar 2019. Det møtte 9 medlemmer.

Formannen ønskte velkomen, og me song «Gi oss nå ei nådestund»

Formannen, Leif Birger, heldt deretter andakt ut frå Matt 13.24-30, likninga om ugras i kveiten. Deretter song me «Å tenk at det var for meg»

Så gjekk me over til årsmøtesaker.

Leif B. Sortland vart vald til ordstyrar.

Norvald Halland vart vald til referent.

1) Årsmelding for 2018, skriven og vart lest av formannen. Samrøystes godkjent

2) Rekneskapen for Lindås Indremisjon, ført og lest av Anne Risøy. Samrøystes godkjent.

3) Årsmelding for Lindås bedehus, skriven og lest av Norvald Halland. Samrøystes godkjent

4) Rekneskap for Lindås bedehus, ført av Bjarne Risa fram til sept. 2018, deretter av Norvald Halland, vart lest av Norvald Halland. Samrøystes godkjent

Val

Etter litt drøfting vedtok årsmøtet at ein skulle ha eit og same styre for Lindås Indremisjon og Lindås bedehus. Då kan ein også slå saman rekneskapane.

Valet gav dette resultat:

Leif Birger Sortland tek attval som formannen

Anne Risøy og Bjarne Risa tek attval som styremedlemmer. Ikkje på val: Astrid Halland og Kåre Larsen

Til varafolk: Norvald Halland og Arnvald Risøy

Norvald Halland vart vald som kasserar.

Til revisorar vart vald: Jostein Sjurseth og Arnvald Riøy

Valnemnda tok attval: Turid Risa, Anne Maren Sortland og Arnvald Risøy

Det var så matøkt.

Etter maten var det samtale om arbeidet. Leif B. orienterte frå eit fellesmøte som har vore med dei kringliggjande foreiningane , samt Misjonsmenigheten og Eben Ezer Fammestad. Det var kome fram ønskje om å prøva å få til ei årleg, felles møteveke, frå 2020. Veke 42 vart nemnt som eit aktuelet alternativ. Årsmøte slutta seg til ideen. Andre sider ved møteaktiviteten på vårt og andre bedehus vart drøfta. Ein vart samd om å samtala vidare og grundigare om dette på eit medlemsmøte seinare.

Til slutt bad vi «Fader Vår» saman.

Norvald Halland – ref.